

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 18.11.2016

Diverse.

a) **Framtidsperspektiv for fagskulen i Hordaland v/Roger Pilskog (LO), og Astrid Toft (KS).**

Aktuelle problemstillingar:

- Framtida sitt kompetansebehov
- Status til fagskulen må hevast
- Marknadsføring av fagskuletilbodet
- Kompetanseutvikling innan helsefagområdet
- Nye helsereformer inneber nye krav til kompetanse i kommunane
- HFK sitt ansvar for omdømmebygging av fagskulen
- Framheva fagskulen som karriereveg
- Informasjon om fagskulen i vidaregåande skule

b) **Styret sitt ansvar og rolle v/Bertil Søfteland, leiar fylkesskretariatet.**

Aktuelle problemstillingar:

- Styret sitt ansvarsområde kontra gjeldande fullmakter
- Fagskulen sitt ansvar kontra opplæringsavdelinga sitt ansvar – kven har ansvar for kva?
- Politikarolla kontra styremedlemfunksjonen når fagskulen står på saklista i politiske organ
- Eventuelle begrensningar for styret som avvik frå gjeldande fagskulelov
- NOKUT sine føringar/reglar i høve til fagskulelova og/eller HFK sine retningslinjer
- Relevant informasjon til styremedlemer som ikkje er politisk valde

VEDTAK: Styret tek initiativ til å utarbeide/revidera retningslinjene og avklara rolle/ansvar for fagskulestyret i høve til skuleeigar. Ansvar: Styreleiar.

c) **Marknadsføring av Fagskolen i Hordaland** vert sett opp som eiga sak på neste styremøte.

d) **Vedk. Møteplan 2017:** Oppdatert plan vert sendt styret.

e) **Vedk. semesteravgift for studentar:** Administrasjonen utarbeider sak til styret.

f) **Vedk. omstillingsarbeidet i samband med samanslåing** av Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole: Rektor Torbjørn Tvedt orienterte om prosess og framdrift.

g) **Vedk. fagskulestyret si «rolle»/medverknad i budsjettprosessen** og høve til å koma tidleg inn i arbeidet: Administrasjonen kjem tilbake til saka.

h) **Vedk. lokal forskrift, jfr. fagskulelova:** Styret får seg førelagt utkast til lokal forskrift i januarmøtet.

i) **Vedk. arbeidet i klagenemda:** Styret ber om årleg rapportering.